

**Andre søndag i advent, den 10. desember, er det klart for den tradisjonelle julekonserten i Uskedalen Kyrkje. Som tidlegare år er det soknerådet som står som arrangør for konserten. Programmet er no klart, og dei faste aktørane som kjem at årvisst, er alle på plass. Vi tenkjer då sjølvsagt på Kvinnherad Trekkspelklubb, Uskedal skulemusikk, Uskedal Musikklag og Røysterett for alle.**

I tillegg har soknerådet i år valt å utvida med spennande og svært dugande utøvarar som er nye i denne samanhengen, songaren Maria Malmsten og dei to unge gitaristane Gjermund Fredheim frå Ljosnes og Harald Kvasnes.

Til saman vert dette eit konsertprogram, samansett av lokale amatørar og profesjonelle utøvarar, som skal syta for at publikum kjem i den rette julestemninga.

Maria Malmsten er blitt omtala som 'dama med den store stemma'. Ho er ein erfaren, skulert og svært allsidig songar. Lovorda plar sitja laust etter at ho har opptreidd. Ho har takka ja til å opptre med solosong, i tillegg til at også skal dirigera Røysterett for alle.

Det vert og svært spennande å høyra dei to unge gitaristane. – Vi hadde dei på ein kyrkjekonsert tidlegare, - fortel Audun Eik som har ansvar for organisering av konserten, - Då var det dessverre alt for få tilhøyrarar. Dei som var der, fekk ei så flott konsertoppleving at vi i soknerådet bestemte oss for at dette måtte fleire få del i. Då fann vi ut at det passa godt på julekonserten. Dette er gjennomført profesjonelle utøvarar.–

Dei to ungdommane er travelt opptekne då dei er ettertrakta av konsertarrangørar. Kvaliteten skulle det ikkje vera nokon tvil om. I 2004 vann dei 1. og 2. pris i gitarklassen i den nasjonale klassen i det prestisjefylte Ungdommens Musikkmeisterskap. At Elbjørg Hemsing, kjend frå Kjempesjansen på NRK, vart årets muskar i årets UMM skulle fortelja nok om den høge kvaliteten i denne tevlinga.

Det er kjekt når bygdas eigne markerer seg på ein så flott måte. Ekstra kjekt vert det når dei kjem heim for å gje eit stort publikum noko tilbake.

I tillegg til det musikalske er det sett av tid til ein kort andakt. Andaktshaldar vert rektor ved Rosendal ungdomsskule, Stein Elling Schille.

Vi synest det er svært positivt at soknerådet har gjort desse grepa for å fornya julekonserten samstundes som dei har teke godt vare på det som har vore tradisjon. Vi er sikker på at nivået på konserten vert heva, og det bør 'belønnast' med ei fullsett kyrkje.

Det er gjort ei endring til som det er verd å merka seg. Konserten har alltid tidlegare vore om ettermiddagen. I år er den flytta til kvelden, nærare bestemt kl. 19.00. Dette trur vi og er rett i på grunn av søndagsopne butikkar.

Så alle som vil oppleva den gode julestemninga, bør kryssa av søndag 10. desember kl.19.00 på kalendaren. Av Thor Inge Døssland